





Månadsbrev oktober 2020

Plutseleg var det oktober og snart haustferie. I ferien vil dei nye leikeapparata bli monterte, og klasseromma i brakkene vil bli gjort klare. Me held fram med smittevernreglane, med handvask og at ein må halda seg heime ved symptom på sjukdom. Meld frå til skulen snarast om karantene, testing m.m., for det skal rapporterast vidare, og blir fråværet langvarig, legg me til rette for heimeundervising. Skulle nokon testa positivt, vert det karantene og digital undervising for heile skulen. Når dette blir skrive, er det busstreik fleire stader, og skulle denne bli utvida til Sirdal, er det foreldre og elevar sitt ansvar å koma seg til og frå skulen. Me vonar ikkje noko av dette skjer.

Noko uføresett skjer av og til, og det var flott at de foreldre tok utfordringa med å få ungane heim til "heimeskule" på kort varsel då det brann i Brekkebua. Ungane jobba med det dei kunne denne dagen, etter råd og tips frå lærarar og foreldre.

Alle klassar har gjennomført foreldremøte og utandørs haustsamlingar, og TL-aktivitetane er godt i gang. FAU er konstituert med André Karoliussen som leiar, Ole Tom Sinnes som nestleiar og Bjørg Hilde Fidjeland som skrivar.

Oktober startar med sal av mellomtrinnsavis til inntekt for TV-aksjonen og morgonsamling fredag 2. oktober med bollefest laga av 6. klasse i mat & helse, før me tar haustferie. Det blir ein god arbeidsmånad etter ferien, og me startar allereie mandag 12. oktober med "Bruk heile dyret" i 4. time, truleg ute, med partering av eit lam av Stian Espedal. Det er eit samarbeid med Sirdal bygdekinnelag, og på fredag 16. vert det markering av Verdas matvaredag med servering av smaksprøve av lammegryte til heile skulen i matfriminuttet laga av 6. klasse og Sirdal bygdekinnelag. 22. oktober får me igjen besøk av André Vaaler, denne gongen med boka *Villaksen Salomon*. Mange såg filmen på Sommarles-avslutninga, og nå blir me betre kjende med boka. Dagen etter er det SN-dag, der me markerer at det er 75 år sidan SN vart oppretta, og lærer meir om dei åtte verdsarvstadane i Noreg. Kjenner du til alle?



Månaden vert avslutta med første av to kurs 27. oktober for tilsette på skule og barnehage i regi av Ressurssenteret om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS), der me m.a. skal få ei grunnopplæring i kva som skapar gode vekstvilkår for barn og unge.



GOD HAUSTFERIE!

Sinnes 30.10.20, Åse-Berit (rektor)